



---

# Notat

---

## Emne: Referat frå møte i Landbruksfagrådet - konstituerande møte

23/3/2016

Deltakarar: Andre Michelsen, Martin Soltveit, Kari Kvammen, Arild Valdersnes\*, Anja Broch\* og Kristine Skaiaa Born.

\*deltok på deler av møte

Geir Smith og vara Elin Morken hadde meldt forfall, tysdag er ein vanskeleg dag.

### Sak 1: Godkjenning av innkalling:

Sakspapir på SMIL-strategi og gjødsselforskrift (ny versjon) vart sendt ut alt for seint. Ein må få lenger tid til å sjå på viktige saker.

Elles ok.

### Sak 2: Godkjenning av førre referat:

Ingen kommentarar.

### Sak 3:Konstituering

a. Val av leiar

Martin Soltveit føreslår Kari Kvammen som leiar. Leiar bør vera aktiv bonde i ein av dei viktige bondeorganisasjonane. Ingen motkandidatar stiller. Kari vart valt til leiar for landbruksfagrådet 2016-2019.

b. Val av nestleiar

Det kom forslag på Arild Valdersnes som nestleiar. Han var ikkje til stades, men takka ja seinare i møte.

Arild Valdersnes valt til nestleiar for landbruksfagrådet 2016-2019.

### Sak 4: Lokal forskrift om gjødsel

Anja Broch frå felles landbrukskontor deltek på møte. Det vart diskutert forhold knytt til forslag om gjødsselforskrift frå landbrukskontoret. Det vart i starten av møte uttrykt misnøye med at haustfristen ikkje vart flytta til 30/9. Det vart påpeika at fristane er utvida frå 1/9 til 20/9 og at det ikkje er godt handverk eller økonomi i å gjødsle så seint på hausten.

Landbruksfagrådet drøfta også fristen om våren, 20/3. Kristine Born frå felles landbrukskontor opplyste om den dårlege vasskvaliteten og problematiserte «fri» gjødsling så tidleg som 15/2. På dette vart det respondert at det ikkje er god økonomi og ingen kjører ut all gjødsle 16/2, men nokre lass må vanlgevis ut i desse tider for å «redda seg» i land.

Formuleringa «føremål å hindra forureining til luft, vatn og vassdrag» vart drøfta i forhold til om det no kan klagast på luktplager knytt til gjødsling.

\*Arild Valdersnes kjem

### **Sak 5: SMIL-strategi**

Anja Broch orienterte om bakgrunnen for SMIL-strategi og føringar (forskrift). Endringar til den nye strategien er høgare satsar, justert til same nivå som i Austrheim. Tilskot til grensegjerde må også diskuterast.

Det vart gitt uttrykk for at sats for tørrmur bør vera per kvm og ikkje per m då dei kan variera i høgde.

Småbrukarlaget v/Geir Smith, har levert ein uttale til SMIL-strategien som oppfordrar til å gje midlar til grensegjerde. Historisk har det ikkje vore gitt midlar til grensegjerde, ein praksis som har oppstått på flk. Viktige argument i diskusjonane om grensegjerde er problematikken knytt til gjerdeplikt der den eine parten ikkje driv aktivt. Det blir gitt positivt tilsagn til å ha med grensegjerde i løyvinga med vilkår. For å ha rett på SMIL-midlar skal grensegjerde utløysa nye beiteområde eller gje betre utnytting av eksisterande areal. Det vert ikkje gitt tilskot til gjerde der begge partar driv aktivt.

### **Sak 6: Temamøte**

Landbruksfagrådet var fornøgd med møte i november 2015 om jord og veg. Det kjem tilbakemelding om at eksterne føredragshaldarar er ønskt. Det kjem i den samanheng opp spørsmål om økonomi. Kristine Born skal sjekka om det er midlar sett av i budsjett til lfr.

Komande temamøte om sau er bra, litt snever publikumsgruppe.

Forslag til møtetema til hausten: Forureining og vatnkvalitet kjem opp som eit tema i forlenging av gjødsleforskrifta. Her vil og vassdirektivet og anna tematikk vera naturleg å ta opp.

Andre temaforslag er folkemøte om gåseplan og småroviltkort.

### **Sak 7 Ymse**

Arild Valdersnes har registrert at det er mykje rev rundt i Radøy. Er det nokon som jaktar rev, kor mange vart skotne i 2015? André Michelsen og Kristine Born orienterte om arbeida knytt til småroviltkort, skotpremie og jaktstatistikk frå 2015. Det vart i 2015 utbetalt skotpremie for 4 rev.

### **Møteplan**

Landbruksfagrådet skal ha minst 2 møte i året. Forslag om neste møte i medio oktober. Her må detaljane rundt temamøte for hausten fastsetjast.

Kristine Born vil orientera på e-post om andre aktuelle saker eller problemstillingar skulle dukke opp.

---

Saksbehandlar: Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy/Kristine Skaiaa Born

Vår referanse: 15/1915 - 16/3752 / FE - 033, FA - V00

---

Dato:

14.03.2016